

# INTENSJONSAVTALE FOR SAMANSLÅING AV EIDFJORD KOMMUNE, GRANVIN HERAD OG ULVIK HERAD

---

I samband med den pågåande kommunereforma i Noreg tek Eidfjord kommune, Granvin herad og Ulvik herad sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 1. januar 2020. Det er dei tre kommune- og heradsstyra som vedtek om kommunane skal slå seg saman eller ikkje.

I ein ny kommune vil det vera det nye kommunestyret som har avgjerdsmynde. Sjølv om dei noverande kommune- og heradsstyra ikkje juridisk kan binda eit nytt kommunestyre, har ein likevel vorte samde om ei rekkje intensjonar for ein ny kommune og som er tatt inn i dette dokumentet.

## 1. Mål for den nye kommunen

Kommunane Eidfjord, Granvin og Ulvik ynskjer i saman å skapa ein ny, livskraftig og attraktiv kommune i Indre Hardanger.

Den nye kommunen skal sikra og vidareutvikla kvalitet i tenestene til innbyggjarane og vera ein god kommune å bu og veksa opp i.

Målet med kommunesamanslåinga er å sikra innbyggjarane i dei tre kommunane gode tenester i framtida.

## 2. Kvifor ein ny kommune?

Kommunane Eidfjord, Granvin og Ulvik er i dag kommunar med lågt folketal og som er sårbare både når det gjeld tenesteutøving og inntektssituasjon. Ei samanslåing av dei tre kommunane vil gje den nye kommunen god økonomisk soliditet og såleis sikre at det også i framtida vert ytt gode tenester til innbyggjarane.

Ein ny og større kommune vil betre kunne leggja til rette for god og offensiv nærings- og samfunnsutvikling gjennom meir koordinert arealplanlegging på tvers av dagens kommunegrenser.

Ein ny kommune vil mogleggjera større og sterkare fagmiljø, meir stabil rekruttering av relevant fagpersonell med god kompetanse og gjera tenesteytinga til innbyggjarane mindre sårbar.

Ein større kommune vil kunna gje meir effektiv administrasjon og tenesteproduksjon, kor vinsten skal nyttast til å gje betre tenester til innbyggjarane.

## 3. Prinsipp ved samanslåing

Samanslåingsprosessen skal vera prega av likeverd, rausheit og forståing av kvarandre sin ståstad.

Den nye kommunen skal utviklast og driftast med utgangspunkt i dei tidlegare kommunane sine tradisjonar, kulturar, fortrinn og sterke sider, men og ut frå dei utfordringar dei har.

Den nye kommunen skal organiserast slik at han kan møte framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane.

Tilsette i dei tre kommunane skal ikkje bli sagt opp som følge av prosessen. Eventuelle overtalige skal få tilbod om nye oppgåver i den nye kommunen. Den administrative omorganiseringa skal skje i nært samarbeid med dei tilsette og tillitsvalde. Den nye kommunen skal vera ein attraktiv og utviklande arbeidsplass for dei tilsette.

Den nye kommunen skal vidareutvikla lokalsamfunna i dei tidlegare kommunane i høve til bustadområde og attraktive bumiljø.

I den nye kommunen skal satsinga på framtidige arbeidsplassar og næringsutvikling på tvers av gamle kommunegrenser stå sentralt.

#### **4. Kommunenamn, administrasjonssenter og kommunevåpen**

Namnet på den nye kommunen vert Hardangerfjord kommune/herad.

Administrasjonssenteret i den nye kommunen skal vera i Eidfjord. Administrasjonssenteret skal tena alle deler av den nye kommunen.

Kommunevåpenet skal ta utgangspunkt i åttebladrosa.

#### **5. Lokaldemokrati**

Det skal sikrast at den nye kommunen har god demokratisk styring og representasjon.

Kommunestyret i den nye kommunen skal ha 21 representantar og formannskapet 7 representantar.

Ytterlegare politisk organisering vert opp til det nye kommunestyret å avgjera.

#### **6. Tenestetilbodet**

Den nye kommunen skal yta gode og kostnadseffektive tenester til innbyggjarane sine. Det vert lagt opp til sterk satsing på å utvikla digitale tenester til bruk for innbyggjarane i den nye kommunen. I ein overgangsperiode vil det kunne vera behov for innbyggjarretteleing og/eller kommunale treffpunkt i dei noverande kommunane.

Følgjande utgangspunkt ligg til grunn for det framtidige tenestetilbodet:

## **6.1. Administrasjonssenter**

Administrasjonssenteret skal innehalda kontor til ordførar, rådmann med stab og andre tenestefunksjonar som naturleg høyrer til i sentraladministrasjon i ein kommune.

Den nærare administrative organiseringa av den nye kommunen vil bli fastlagt i løpet av samanslåingsprosessen.

## **6.2. Skular**

Barneskuletilbodet skal oppretthaldast i dei noverande kommunane.

Ungdomsskulane i Eidfjord, Granvin og Ulvik bør slåast saman til ein felles ungdomsskule, lokalisert i Granvin.

## **6.3. Barnehagar**

Barnehage tilbudet skal oppretthaldast i dei noverande kommunane.

## **6.4. Helse- og omsorg**

Det skal byggjast opp eit hovudsenter for tenester innan helse og omsorg for heile kommunen i Ulvik. Spesialistfunksjonar skal samlokalisert her for å sikra sterke fagmiljø med relevant kompetanse. Tenester som eventuelt krev serleg nærleik til brukarane kan ytast i dei noverande kommunane dersom dette er naudsynt og ynskjeleg.

I samband med hovudsenteret i Ulvik skal det byggjast ein ny sjukeheim, og den nye kommunen skal på sikt ha maksimalt to sjukeheimar. Det skal sikrast god og tenleg etterbruk av lokala til sjukeheimen i Granvin.

Dersom ansvaret for tannhelsetenesta vert lagt til kommunane i framtida, er det eit mål å byggja opp ei slik teneste i den nye kommunen integrert saman med hovudsenteret for tenester innan helse og omsorg.

## **6.5. NAV**

NAV sine tenester må organiserast slik at dei lett kan nåast av innbyggjarane, og slik at NAV kan ha den nære kontakten med lokalt næringsliv som er naudsynt.

## **6.6. Tekniske tenester**

Tekniske tenester må organiserast slik at tenester som krev nærleik til brukarane er lett tilgjengelege for innbyggjarane i heile kommunen.

## 7. Fjellforvaltning

Bruksrettar i statsallmenningar er regulerte i fjellova. Ei kommunesamanslåing vil ikkje føra til store reelle endringar for innbyggjarane samanlikna med dagens situasjon.

Den nye kommunen vil få to ulike statsallmenningar innan sine grenser (Eidfjord statsallmenning og Ulvik statsallmenning). Dei tre kommunestyra ynskjer at det skal vera eit eige fjellstyre for kvar av statsallmenningane også i den nye kommunen.

## 8. Næringsliv

Den nye kommunen skal satsa på samfunns- og næringsutvikling for å fremja verdiskaping og vekst i livskraftige lokalsamfunn.

For dei noverande kommunane er det ein føresetnad at den nye kommunen så langt som mogleg opprettheld satsinga på næring, reiseliv, kultur og idrett.

For den nye kommunen er det avgjerande at skulen på Hjeltnes består som ein regional utdanningsinstitusjon, og at Hjeltnes også i framtida vil utgjera ein viktig kompetansearbeidsplass i kommunen. Alle dei tre noverande kommunane forpliktar seg til å jobba aktivt for dette i tida fram til den nye kommunen trer i kraft.

I den nye kommunen er Sysendalen eit prioritert område for nærings- og reiseliv, gjennom utvikling av tilbod som gjev heilårs hytte- og reiselivsturisme.

Den nye kommune skal arbeida for gode rammevilkår for Granvin bruk som hjørnesteinsbedrift.

Den nye kommunen skal vera ein aktiv pådrivar for å sikra at Rv 7 vert ein sikker heilårsveg, og Fv 7 og Fv 572 viktige fylkesvegar.

Den nye kommunen skal vera ein pådrivar for vidare fiberutbygging.

## 9. Særskilde tema

Den nye kommunen skal ha eigedomsskatt på verk og bruk slik dei tre kommunane har i dag. Det vert på noverande tidspunkt ikkje lagt opp til eigedomsskatt utover på verk og bruk, men den endelege avgjerda om eigedomsskatt vil liggja til kommunestyret i den nye kommunen.

Både noverande og framtidige kommunestyre skal arbeida for å få i stand eit godt og tilfredsstillande kollektivtilbod både innanfor den nye kommunen og til og frå den nye kommunen.

Moglege kompensasjonsordningar for bompengar når innbyggjarane må kryssa Hardangerbrua for å ta imot kommunale tenester skal vurderast.

Det skal sikrast at eksisterande kommunale bygningar som i framtida ikkje vert nytta til kommunal tenesteyting får ein etterbruk til gagn for lokalsamfunnet der dei er plasserte.

Dei tre kommunane sitt planverk skal gjelda inntil nytt, felles planverk er vedteke av den nye kommunen.

Fram til den nye kommunen er etablert skal dei tre kommunane informera kvarandre før tilsetting i leiar- og spesialiststillingar, og vurderer samarbeid der det er mogleg.

Innbyggjarane og tilsette i alle kommunane skal få god informasjon undervegs i prosessen fram til den nye kommunen er etablert.

## **10. Prioriterte investeringsprosjekt i den nye kommunen**

Forutan pågåande prosjekt som er fullfinansierte i balansert budsjett/økonomiplan, skal den nye kommunen prioritera investeringar til eit hovudsenter for tenester innan helse og omsorg for heile kommunen i Ulvik og til felles ungdomsskule i Granvin.

Fram til den nye kommunen er etablert vil arbeidet med planlegginga av eit helse og omsorgssenter i Ulvik bli ivaretatt og finansiert av Ulvik herad. Om det skulle vere økonomisk naudsynt, skal fylgjande inntekter og midlar i den nye kommunen øyremerkast dette prosjektet og kan ikkje nyttast til andre føremål før prosjektet er gjennomført:

- Inneståande på Ulvik herad sitt disposisjonsfond, investeringsfond og eventuelle andre ubundne fondsmidlar per 1. januar 2020.
- Forskotterte midlar frå vegutbetring av Fv 572.
- Eigedomsskatteinntekter frå eventuelle framtidige kraftutbyggingar.

Fram til ny kommune er etablert vil planlegginga av ny felles ungdomsskule bli ivareteken og finansiert av Granvin herad. Det skal gjennomførast ein vurdering av Elektrofagskulen som nytt mogleg ungdomsskulebygg.

I tida fram til 1. januar 2020 skal dei tre kommunane også orientera kvarandre om aktuelle investeringsprosjekt med ei kostnadsramme over NOK 1 000 000 før eventuelt vedtak vert fatta.

XY den X.Y.2016

---

Anved Johan Tveit (SP)  
Ordførar Eidfjord

---

Ingebjørg Winjum (V)  
Ordførar Granvin

---

Hans Petter Thorbjørnsen (A)  
Ordførar Ulvik